



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - APRIL 2011

16. ÅRGANG



"Velsigna vere"

Måleri av Liv Annbjørg Eidhamar

God Påske

”Jeg levende så ham i haven”

Overskrifta er henta frå salmen ”Å, salige stund uten like”. Mot slutten av første vers syng vi: ”Han er ikke lenger i graven, hvor bleknet i døden han lå; jeg levende så ham i haven, og aldri så skjønn jeg ham så, jeg levende så ham i haven og aldri så skjønn jeg ham så.”

Det må ha vore eit svært uventa møte for Maria. Ho var på veg gjennom gravplassen til Jesu grav. Ho ser i halvskyminga ein person og trur at det må vere gartnaren. Ja, kva elles skulle ho tru? Det måtte i alle fall vere ein levande av dei levande. Ingen annan enn dei levande kunne det vere, for dei døde er døde. Dei vandrar ikkje mellom dei levande. Til slutt går det opp for Maria

at det er Jesus i levande live. Dermed forandrar alt seg for henne.

Det same skjer med oss om vi får sjå, tru eller erfare at Jesus lever. Vi får ei tru på ei sterk kraft, Guds kraft, som kan forandre alt, ja endå til å reise Jesus opp frå dei døde!! Med den vil han kalle oss til eit evig liv saman med Jesus. For han lovar oss at med den same krafta som han brukte på Jesus, skal han ein gong og kalle oss fram frå våre graver.

Døden har tapt for Guds kraft. Kjærleiken har vunne over døden. Den Gode har vunne over det vonde. Vona er blitt ei levande von. Difor kan vi i tru syngje: ”Jeg

levende så ham i haven.” Paradiset er opna for oss. Vi er vandrande i hagen saman med Jesus og skal aldri bli jaga ut. Og om vi vert lagt i grav, er Jesus levande tilstades i hagen og ser om våre graver som den mest trufaste av alle gartnarar. Det angar av liv, von og kraft i denne hagen.

Finn Arne Roaldsnes



Kyrkjebladet - orientering

Bak denne utgåva av Kyrkjebladet står ein redaksjonskomité samansett av Kari Moe Elgsaas, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Kaare Lervik. Sistnemnde er leiar for komiteen. Dette er eit resultat av at sokneråda i kommunen har teke ansvar ein kan lese ut av § 5 og § 9 i Kyrkjelova.

Gjennom fleire år har staben på kyrkjekontoret gjort den tyngste jobben med å få ut bladet. Også i denne utgåva er staben sterkt inne i bildet både med stoff, og ikkje minst, si erfaring med og sin kunnskap om å gi ut Kyrkjebladet. Reidun Blø går inn som fast medlem i redaksjonen saman med dei valde medlemmene. Eit av måla med å gi ut Kyrkjebladet er å gi innbyggjarane i kommunen innsikt i og kunnskap om livet i kyrkja. Ein får ikkje med alt, men vi håper lesarane har nytte og glede av Kyrkjebladet.

Dessverre vart det noko kluss med distribusjonen av Kyrkjebladet som kom ut før jul i 2010. Dette beklagar vi sterkt, og vi vil gjere det vi kan for at alle for ettertida skal få bladet i postkassa si. På grunn av utgifter til trykking og distribusjon er vi så fri at vi også denne gongen ber om eit frivillig bidrag til kontonummer 4056.20.62124. På førehand takk.

”Velsigna vere” er tittelen på framsidebiletet, og er måla av Liv Annbjørg Eidhamar.

Bileta hennar inneheld mange og ulike motiv og kan tolkast på ulike måtar. Nokre av bileta har religiøse motiv. Slik er det også med ”Velsigna vere”.

Ei konkret tolking av dette biletet er korleis det moderne mennesket, ung som eldre, gjennom forheng av tvil, entusiasme, motvilje og interesse, ønskjer å sjå inn i og forstå påskemysteriet. Hovudmotivet, som her er plassert framfor forhenget, kan synleggjere korleis Gud omsluttar Jesus etter at han har gjennomlevd Palmesøndag (palmegreina sentralt i biletet) og korsdøden på Golgata (korsa i venstre hjørnet), har stått opp frå dei døde og er gjenforeina med Gud. Hovudmotivet kan

øg vere ei synleggjering av korleis Jesus gjennom døden på korset omfamnar enkeltmennesket med tilbod om frelse. Personane i biletet ser ut til å kome frå forskjellige delar av verda og frå ulike tidsperiodar.

Dette kan vere noko av innhaldet i måleriet. Her er det opp til den enkelte å finne mening i eit innhaldsrikt og symboltungt måleri. Tittelen ”Velsigna vere” er minst like innhaldsrikt og opnar for ulike tolkingar. I det heile er Liv Annbjørg Eidhamar sine bilete ei påminning om at bilete kan formidle innhald like tydeleg som skrivne ord.

Kari Moe Elgsaas

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

Kontonummer: 4056.20.62124

E-post adr.: kyrkjekontoret@vestnes.kommune.no
eller vestnes.sokneråd@gmail.com

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2011

Vestnes kyrkje 01. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Turid Elise Fure Breivik
Simone Karin Akselvoll Eiken
Ragnhild Fjærestad Fiksdal
Julia Fjærli
Else Marie Frafjord
Lisa Kristin Ulvestad Frostad
Vegard Husøy Frostad
Adrian Gabrielsen
Tanja Marie Gjerde
Ida Øverås Halkjelsvik
Benjamin Wullum Hannasvik
Ken Robin Hildre
Christian Larsen Liabø
Oline Kristin Rekdal
Andreas Johan Alsmark Vik

Vestnes kyrkje 08. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Joakim Jee Engeset
Patrick Fagervoll
Andreas Furland
Simon Brastad Gravdehaug
Martin Andreas Langstein
Malene Letrud
Kenneth Even Johansen Misund
Andreas Nerås
Jonina Kristin Reynisdottir
Hans Jørgen Vestre
Amalie Sylte Vik
Truls Vik
Rebecka Ødegård

Tresfjord kyrkje 15. mai

Leander Normann Aleksandersen
Andreas Bjermeland
Truls Brudeseth Dybvik
Rolf Erik Sylte Gjerde
Ronja Helen Grimsø
Therese Kjersem
Kolbjørn Kjerseim
Emilie Lindset
Caroline Vatnehol Løvik
Samuel Olai Moen
Sivert Nerheim
Karianne Skjeggstad Olsen
Thea Synnøve Robertsen
Jeanett Iren Rypdal
Solveig Skavnes
Jannicke Palconit Stokkeland

Fiksdal kyrkje 22. mai

Lars Bjørnar Hansson Frostad
Hanne Elise Gjelsten Sørvik
André Marken
Joachim Huth Nielsen

Vike kyrkje 22. mai

Ole Andre Rødal Lange
Truls Skare Bådal

Vestnes kyrkje 29. mai

Vestnes-konfirmantar

Joakim Gjelsten Bergmyr
Aminda Aas Bråten
Kristine Møller Furland
Siv Brandsøy Furland
Vilde Emilie Godønes
Ellen Regine Viseth Hauvik

Håkon Bygdås Høgset
Elias Nicolai Rødal Høgseth
Julia Gussiås Jensen
Ole-Gunnar Kjærstad
Håkon Weiberg Olsen
Sebastian Rogne Ræstad
Kristin Lien Sivertsen
Marie Elise Frostad Solberg
Emma Øverås

Vestnes kyrkje 02. juni

Vestnes-konfirmantar

Ragnhild Bakken
Eileen Hjelme Connor
Louis Connor
Magnus Hole
Mikail Bele Islek
Julie Kristin Karadash
Thomas Hildre Liabø
Ida Mari Vegsund Lunheim
Marita Gjelsten Løken
Audun Olsen Misund
Robin Talberg Nerbø
Sondre Nerhus
Alexander Løvik Nyheim
Malin Rangnes
Jonas Vikås Steen
Adrian Sæter
Kjell Olav Sæter
Daniel Sundkvist Søholt
Martine Stokkeland Tautra
Stine Valde
Kristoffer Ødegård
Beate Øverås
Amalie Haugen Øvstedal

Rekviem

Av Sissel Schjøtt

Et rekviem er i musikken en komposisjon for solister, kor og orkester, med tekster oftest på latin, fra den romersk-katolske rekviemmessen. Messen er en sjelemesse, eller en messe for de døde. Navnet kommer av det første ordet i messeteksten, **rekviem**, som betyr ro eller hvile.

Mange komponister har skrevet rekviem, både **liturgiske** og **ikke-liturgiske**. Det mest kjente liturgiske er **Mozarts Requiem i d-moll Kv.626** som ble fremført i Vestnes kirke 4.november 2006 med stort kor, orkester og solister. De to første satsene rakk han å fullføre før han døde i 1791. Resten fullførte hans elev Franz Süssmayr etter Mozarts opptegnelser. **Giuseppe Verdi: Messa de Requiem**, utnytter de dramatiske mulighetene i teksten på en slik måte at verket blir kalt "opera i kirkelig drakt". Videre kan nevnes **Antonín Dvorák: Requiem op. 89** og musicalkomponisten **Andrew Lloyd Webbers Requiem**. Det mest kjente **ikke-liturgiske** er **Johannes Brahms: Ein Deutsches Requiem op. 45**. Han arbeidet i 10 år på dette vakre verket før han fikk det ferdig i

1868. Det ble skrevet som en kantate med bibeltekster som handler om døden, valgt ut av Brahms selv. Verket har romantisk følelsesvarme forenet med klassisk formsikkerhet. Det er et protestantisk Requiem, sunget ikke så meget for de døde som til trøst for de gjenlevende. Det er også skrevet **norske Requiem** som bl.a. **Iver Kleives Rekviem**, tilegnet hans sønn og ofrene etter 11. september, og **Ståle Kleibergs Requiem**, til ofrene for nazistenes forfølgelser.

Den musikalske rammen rundt dødsmesser har en tendens til å dvele ved dramatiske høydepunkt som dommedag og dommedagstrompeter, (Dies irae, vredens dag), av den enkle årsak at de virkelig er det dramatiske høydepunktet. **Gabriel Fauré** og **Maurice Duruflé** ønsket med sine liturgiske Requiem å uttrykke noe annet. Fauré beskrev det selv som "troen på evig hvile". Han syntes det var greit at verket ble beskrevet som "dødens vuggesang". Det var det evige liv og den evige fred som begge komponister ønsket å fylle sine Requiem med.

Sokneråda har ordet!

Sokneråda i kommunen vår har mange medlemmer som har vore med lenge og såleis kan reknast som tradisjonsberarar. 04.09.09 var dei nyvalde sokneråda på kurs om arbeidet til sokneråd, og møtte der for første gong vår biskop Ingeborg Midttømme som 21.09.08 vart vigsla til den tredje biskopen i Møre bispedøme. Biskopen var særleg oppteken av § 9 i Kyrkjelova, men § 5 i same lova viser òg kva oppgåver sokneråda har og kan ha. På <http://www.kyrkja.no/> finn ein mykje interessant stoff om kyrkja generelt, og der kan ein òg finne kva oppgåver som er lagt til sokneråd spesielt.

I Fiksdal sokneråd har trusopplæring høg prioritet. At borna får høyre om Jesus, slik at dei både får kunnskap om og kjennskap til han frå dei er små, er utruleg viktig! Det same gjeld ungdommane. Eit positivt og byggande ungdomsarbeid betyr mykje under oppveksten. Soknerådet støttar difor både Laurdagsklubben, alder frå heilt små til 4.-5. klasse, og Hobbyklubben for 5.-7. klasse som vert drive i kyrkjelydshuset. Tårnagenthelga var spennande og kjekk! Hos oss vart den for 2. klassingar. Dei gjekk på skattejakt og vart godt kjende i kyrkja si. Elles likar vi å samlast til gudsteneste. Fellesskap styrkjer! Vi ser fram til at kyrkjegarden blir utvida. Kommuneøkonomien tillet dessverre ikkje det enno, men det er noko som må kome. Vi er glade i kyrkja vår og arbeidet der og ønskjer at folk i soknet framleis vil møtast i kyrkja og kjenne seg heime der!
Thor Ringsby, for Fiksdal sokneråd

Vestnes sokneråd har i lang tid arbeidd for å få til eit fritidstilbod til barn og unge i form av ein klubb. Mykje av arbeidet til soknerådet er langvarig. Å finne lokale til slikt formål har vore ein gjengangar, men no er vi snart ferdige med oppussing av nokre rom i kjellaren på kyrkjekontoret. Trusopplæringspresten vår, Inger Marie Jacobsen Sylte, har vore ein god pådrivar og deltakar i dette arbeidet.

Trusopplæring er eit nøkkelord i soknerådsarbeidet. På ein eller anna måte er soknerådet involvert i trusopplæring. Om ikkje anna blir mykje av arbeidet støtta økonomisk av midlar soknerådet samlar inn.

Når vi snakkar om midlar, kan vi nemne at soknerådet har betalt ein god del av kostnadene og vore pådrivar for å få på plass nye høgtalarar og mikrofonar i kyrkja. Dette har heva kvaliteten på lyden frå både talarar og songarar. Moderne tider stiller nye krav til kvalitet, og god lyd kvalitet er viktig i ei kyrkje.

Relativt nytt er det òg at liturgi og salmar blir prosjektert til ein skjerm dei fleste i kyrkja kan sjå. Eit slikt anlegg er det neste soknerådet vil skaffe. Vestnes Røde Kors har gitt oss 12000 kr til formålet, noko soknerådet er svært glad og takksam for. Det er ein god startkapital.

Så arbeider soknerådet med å få kjøpe inn ein ny, kvit messehakel. Ei nemnd jobbar med den saka. Det vil nok ta minst eit år enno før det prosjektet blir realisert. Først er det ein lang prosess før siste uttale er gitt om produktet og alt er endeleg bestemt. Så tek det lang tid å lage ein messehakel. På ein måte kan ein seie at det er bra, for da får soknerådet tid til å arrangere enda ein kyrkjebasar. Den er svært viktig for arbeidet i soknerådet.

Gjennom kyrkjebasaren får vi midlar til drifta lokalt, men det gjer oss òg i stand til å følge opp misjonsprosjektet vi har i Begi i Etiopia.

Soknerådet vil òg gjere det mogleg for folk å komme med i ei gjevarteneste, der ein kan gi eit fast beløp kvar månad. Under visse føresetnader kan dette også gi skattelette.

Heilt til slutt må vi få komme med vårt store ønske: at mange vil ta kontakt med oss for å melde seg til forskjellig dugnadsarbeid.

Kaare Lervik, for Vestnes sokneråd

Soknerådet i Tresfjord 2009-2011 har vore, og er, ein kjekk gjeng. Vi har hatt møte ein gong i månaden. Der har vi behandla saker som gjeld vår eigen kyrkjelyd, og saker og skriv frå biskop og departement. Som sokneprest er Signe Hellevik kyrkja sin faste representant i soknerådet. Ho sit inne med den info vi treng når vi står fast i saker. Vi set stor pris på henne både som hjelper og samtalepartner. Kaffi og noko å bite i høyrer med, og då går praten om laust og fast. Det at vi vart med i soknerådet, har utvida bekjentskapskretsen vår positivt! Alle som kom inn nye i 2009, sa ja til å stå på liste, men venta ikkje å bli valde. Vi visste ikkje heilt kva vi gjekk til. I denne tida har vi lært litt, og trur kanskje vi har tilført soknet noko også.

Vi har fått bruke interessene våre for friluftsliv, barne- og ungdomsarbeid og song og musikk ved å delta i aktivitetar til Topp Safari, søndagsskule og konfirmantarbeid. Vi har òg vore med på planlegging av nokre gudstenester.

Til hausten er det val att. Valkomiteen har starta arbeidet sitt, og vi ynskjer dei lukke til.

Vi håper at folk stiller på liste fordi ein då:

- får vere med og påverke og forme det som skjer i kyrkja vår.
- tek vare på den kristne kultur og tradisjon. Den er viktig for oss og for dei som kjem etter oss, gjev identitet, og med det tryggleik og tru på oss sjølve.

Tresfjord sokneråd ynskjer alle ei riktig god påske!

Anne V. Kjersheim, for Tresfjord sokneråd

Soknerådet i Vike:

Kyrkjekjellaren på Vike får ansiktsløfting

Vike kyrkje vart bygd i 1970, med bomberom i kjellaren. Rommet vart med enkle middel innreidd til møtelokale for barne- og ungdomsarbeid og andre møte i kristen regi. Lokalet har gjort



Humøret er på topp hos dugnadsfolket.

nytte for seg i mange år, men for 10-15 år sidan starta arbeidet med å samle inn midlar til oppussing. Det har vore halde utlodningar til inntekt for kjellaren mange gonger. Men først då soknerådet sette i gang med sal av ballmiddag i kyrkja, skaut arbeidet fart. Oddleif Bøe, frå soknerådet, har vore ein sterk pådrivar for prosjektet. Våren 2010 vart det sett ned ein komité for å arbeide fram planar, der både han, Emil Balstad, Karl Ivar Skare og Guttorm Balstad sit. Målet er å isolere og kle opp att både tak, vegger og golv. Golvet skal ha vassboren varme, og kjøkkenet skal skiftast heilt ut. Det meste av arbeidet skal gjerast på dugnad. Berre det som krev fagfolk, blir sett bort. Vestnes kommune har lova å koste oppvarminga. Vi stakk innom ein kveld for å sjå kor langt dei var komne. Der var 5 mann i full sving. Nokre gjorde ferdig spikarslaga til platene som skal opp, mens andre la til rette for varmen som skal vere i golvet. Dei kunne fortelje at mange frå bygda hadde stilt opp til dugnad, i tillegg til "den harde kjerne", med Karl Ivar i spissen. Det er mykje arbeid att, så det er berre å melde seg til teneste. Om du ikkje kan snekre, kan du kanskje stille med mat til kaffipausa? Målet er å bli ferdig i god tid for sommaren.



Mat og kaffi høyrer med.

Det trengst også meir pengar. Dersom du har lyst å støtte prosjektet økonomisk, kan det skje ved å betale til kyrkje-kjellaren sin bankkonto, nr 4056 58 45537.

Vi gir honnør til folket på Vike som nok ein gong tar eit tak for bygda si, og vi unner dei nye og tenlege lokale til arbeidet i kyrkjelyden!

Liv G. Gislås, for Vike sokneråd

Kyrkjelydstur i juni

Etter ein svært vellykka tur til Veøy i 2010, fekk sokneråda inspirasjon til å arrangere ein ny kyrkjelydstur. I år vil turen gå til Giske. Der får vi mellom anna oververe Giskespelet. Om Giskespelet kan vi lese:

På Giskespelet Amfi tek vi publikum 1000 år attende i tid. På same vis som spelet om Heilag Olav på Stiklestad, er Giskespelet ei hending frå ein viktig bolk i Noregs-soga. Dei to spela handlar òg i stor grad om same hendinga, men sett frå kvar sin synsstad.

I Giskespelet møter vi personar som direkte og indirekte var med der, både før og etter det store slaget. Vi møter stormenn i landet på den tid med sine plikter og problem.

Invitasjon til turen vil komme i lokalavisene tidleg i mai. No veit de om at det blir tur, så då er det vel berre å setje av den dagen.



Helsing frå turkomiteen

KONSERT

Vestnes ungdomskor med
Maiken Nakken og Joakim Bjermeland
med band, spiller for kreftsaken.

Jorunn Fjeldheim orienterer.

Konferansier: John Sylte

Søndag 17. april klokka 18 i Vestnes kirke.



"Vestnespresten" heidra på 200-årsdagen

Av Per Bjørn Ellingseter

Ein vårdag i 1811 vart ein liten gut fødd i amtmannsgarden i Alta. På dagen 200 år etter, 15. mars 2011, vart minnet om denne særmerkte mannen heidra med eit festprogram i Vestnes kyrkje. Mange hadde møtt fram for å vere med på dette, kyrkja var så fullsett som ho kunne bli. Både publikum og presse var sameinte om at dette verkeleg vart ein festkveld, takka vere eit sær vellykka samarbeid mellom dyktige kulturarbeidarar, dei fleste av dei frå Vestnes kommune.



Anna Vilhelmine (Ingrid Skjegstad) og Otto Theodor i godt samspel. (Foto: Edmund Melkild/Bygdebladet).

Odd Sørås, rett nok utflytta til Sunnmøre, men med "åsbygd-dialekta" i god behald, var den som hadde laga manus til framsyninga. Han hadde teke utgangspunkt i tekstar av Krohg og nokre av hans samtidige, slik at det verkeleg vart eit dokumentarisk program. Dei ulike teatersekvensane vart knytte saman på ein måte slik at kyrkjelyden fekk eit godt inntrykk av den mangslungne personen Otto Theodor Krohg.

Jørgen Torp imponerte nok ein gong i rolla som "Vestnespresten". Han formidla dei ulike sidene av Krohg slik at utanbygds folk som var til stades, trudde at han var ein innleigd, profesjonell skodespelar. Han hadde sjølvstøtte god støtte i dei andre skodespelarane frå Vestnes teaterlag, i større og mindre roller.

Songen og musikken som var lagt inn, skapte variasjon, og heva kvaliteten på programmet. Martin Hendriks var kapellmeister, han hadde gjort eit storarbeid med å arrangere musikken og songen, og hadde kontroll på både Romsdalsorkesteret og Vestnes Mandssangforening. Den originalskrivne musikken gjorde sterkt inntrykk: "Skikantaten" og "Arien på Lord Yst" av Terje Rypdal, og ikkje minst "Prestevalsen" av Knut Olav Skrove. To aktørar som elles ytte viktige bidrag på musikksida var Karl Arne Frantzen, som akkompagnerte Odd Sørås i "Vestnes-visa", og Astrid Bygdås Høgset, som spelte ein nydeleg klari-nettsolo med orkesteret.

Bak ei slik framsyning er det alltid nokre som ikkje kjem fram i lyset, men som likevel gjer ein avgjerande innsats for at alt skal gå bra. Carl Morten Amundsen (instruksjon), Randi Bergundhaugen (kostyme/sminke), Liv Anne Øverås (scenografi) og



Otto Theodor og Odd Sørås ser mot "Lord Yst" (Ytstetinden). (Foto: Edmund Melkild/Bygdebladet).

Bjørn Johansen (programutdeling) hadde viktige roller her. "Tresfjord lyd å lys" gjorde som vanleg ein god jobb, og medlemmer frå Vestnes sogelag tok seg av ein del av dei praktiske arbeidsoppgåvene.

Einar Baltzersen gestalta Ivar Brovold på ein framifrå måte, men han fortener også særleg takk og heider for alt han har gjort for å få Otto Theodor Krohg fram i lyset. Utan hans energi og optimisme i samband med dei to "Krohg-framsyningane" ville nok den første "Vestnespresten" framleis for mange berre vere eit bilete på veggen i kyrkja. No er han igjen blitt ein kjendis, slik



I sluttscena framførte Otto Theodor alias Jørgen Torp sin arie på "Lord Yst", denne gongen frå preikestolen i Vestneskyrkja. (Foto: Edmund Melkild/Bygdebladet).

han var det då han hadde sitt embete her i bygda vår. Sist, men ikkje minst, er det all grunn til å takke for velvilje og hjelp frå kyrkja og soknerådet. Ein eventuell skepsis til å nytte kyrkja som teaterlokale vart tilbakevist av domprost Øystein Bjørdal, som etter framsyninga ga uttrykk for stor begeistring for det han hadde fått vere med på.

Krohg-bibelen tilbake til familien

Av Per Bjørn Ellingseter

Under opprydding på loftet i Vestnes-kyrkja for ei tid sidan, kom kyrkjjetenar Geir Falch over ei kasse med gamle salmebøker, notehefte og andre trykksaker. Mellom alt det andre låg der ein gammal bibel. Ved nærare ettersyn viste det seg at denne bibelen hadde ei spesiell historie. Sokneprest Krohg hadde nemleg med si særeigne, lett atkjennande handskrift forsynt bibelen med denne innskrifta:

Otto Theodor Krohg junior

d. 19de December 1857.

Otto Theodor Krohg den Yngre, er fød 27de – syv og tyvende – Mai Anno 1850 – skriver Aar femti – af Forældrene Sognepræst Otto Theodor Krohg og Hustru Anna Vilhelmine fød Jensen, og døbt den 14de – fjortende – Juli af Sognepræst Krohg i Vestnæs Kirke. Fadderne vare: Proprietair Kristen Rasmussen Stokkeland, Kaarmand Hans Dombaas den Ældre, Agronom Georg Krohg, Fru Anna Vilhelmine Krohg, Madam Buck og Jomfru Meyer.


Korleis og kvifor denne bibelen har hamna på kyrkjeloftet er ei gåte som vi nok aldri får svar på.

Otto Theodor Krohg junior var den sjuande og yngste i barneflokket i prestegarden. Dei to eldste døydde som småborn, og dei tre neste vart heller ikkje langleva. I Brovold-boka kan du lese om alle sju. Innskrifta i bibelen fortel at Otto Theodor junior (1850-1932) truleg fekk bibelen til julegåve då han var sju år gammal. Brovold skriv i 1901 at han var "skibsfører i udenrigsfart". Folketeljinga i 1910 viser at Otto Theodor Krohg junior då

var busett i Porsgrunn, som "tilsynsmand skibskontrollen". Han var gift med Marie f. Buch frå Tromsø. Eine sonen deira fekk òg namnet Otto Theodor (1884-1978), og han var far til Wenche Beate Krohg, som var til stades under Krohg-jubileet.

Bibelen vart teken vare på av Vestnes kyrkjekontor, og det vart av og til drøfta kva ein skulle gjere med han. I samband med 200-årsmarkeringa av Krohg sin fødselsdag, vart det avgjort at bibelen skulle overlatast til Krohg-familien. Alle som kunne ha interesse i saka, meinte at det ville vere det einaste rette.

Etter jubileumsframsyninga i Vestneskyrkja, fekk "Vestnespresten" sitt oldebarn, Wenche Beate Krohg, kome fram og ta i mot bibelen frå leiaren i Vestnes sokneråd, Kaare Lervik. Ho uttrykte stor glede over at dette klenodiet fekk kome tilbake til familien, og lova at bibelen skulle bli teken godt vare på.



Ny alterduk i Fiksdal kyrkje

Av Kari Nakken

I gudstenesta 27. mars opplevde vi ei historisk hending i Fiksdal kyrkje. Då vart den nye alterduken teken i bruk. Dette er den tredje som vi kjenner til. Første duken var laga av Ida Marie f. Bø, kona til Peter Ingvar Bøhn. Han var sokneprest i Vestnes 1897 -1908. Denne låg på alteret frå ca. 1905 til ca 1940. Då vart duken avløyst av ein ny, som var laga av Gyda Rekdal Nakken. Etter vel 70 års bruk var no tida koma for noko nytt, og tekstilutvalet, som består av Jorunn Nakken og Inger Svanhild Ringsby, vart sett på saka. Aslaug Myrås var villig til å hekle bordet, og gjorde eit nydeleg arbeid i ein alder av 91 år. Alle tre dukane har same mønster med kross og palmegrein. Det er ein fin symbolikk på lidning og siger, og er vidareført frå duk til duk. Jorunn Nakken har montert duken. Soknerådet rettar ein hjarteleg takk til dei som har stått for arbeidet, og ein særskilt takk til Aslaug Myrås.



Kyrkjevalet 2011

I kyrkjevalet til hausten skal det veljast nytt sokneråd og leke medlemmer til Bispedømmerrådet. Dei første sokneråda kom i funksjon i 1922, og bispedømmerråd vart innført i 1933.

Kyrkjebladet har saksa frå Valhandboka som er utgitt i samband med valet. Skulle det vere nokon som er i tvil om kva sokneråda stort sett arbeider med, kjem eit generelt svar på det her. Like eins finn ein gode grunnar til å melde seg til teneste i soknerådet. Vi har òg intervjuat tre soknerådsmedlemmer. Både spørsmåla og svara kan de lese nedanfor.

Valhandboka skriv: 11.-12. september 2011 er det kyrkjeval. Vil du vere ein av kandidatane når det skal veljast nytt sokneråd?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur, og skal løysa dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Rådet har mellom anna ansvar for trusopplæring blant døpte mellom 0 og 18 år og for det diakonale arbeidet i kyrkja – også kalla "kyrkja sitt kroppsspråk". Rådet skal også arbeide med gudstenester, kyrkjemusikk, ofringar og utleige av kyrkja, og skal seie si mening når det gjeld tilsetjingar av prest, prost og biskop. I tillegg skal rådet tenkje langsiktig når det gjeld å styrkje kyrkjelyden og samarbeide med frivillige, som er ein svært viktig ressurs i kyrkja.

10 grunnar for å seie ja til utfordringa:

1. Du medverkar til å halde lokalkyrkja levande.
2. Du vert del av ein kristen fellesskap.
3. Du gjer noko ueigennyttig, og det gjev deg ei god kjensle.
4. Du kan syte for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge.
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja.
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt.
7. Du kan syte for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje.
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet.
9. Du får styreefaring som du kan bruke i andre samanhengar.
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv.

Spørsmål til representantane frå sokneråda:

1. Kvifor sa du ja til å stille i soknerådet?
2. Kva har du funne mest meningsfylt og utfordrande?
3. Kor lenge har du vore med?
4. Kvifor vil du anbefale andre å stille til val?

Ola Nakken,
medlem av Fiksdal sokneråd.



1. Vart sett på soknerådslista, og var positiv til det.
2. Å få vere med på å utforme det kristne livet i bygda. Utfordringa er å delvis kunne forandre gudstenesta.
3. Når hausten kjem, har eg vore medlem av soknerådet i 26 år.
4. Dei får høve til å påverke saker dei brenn for, får vere med i spennande utval og støtte opp om barne- og ungdomsarbeidet.



Anna Frafjord Øveraas,
medlem av Vestnes sokneråd

1. Eg blei spurd av ei veninne som hadde sete i soknerådet ein periode. Eg er ikkje av dei som slit ned kyrkje-benkane, og tenkte først at dette ikkje passa meg. Men eg er medlem i statskyrkja og er interessert i det som skjer i samfunnet rundt meg, så eg sa ja etter å ha tenkt meg om.
2. Det har vore meningsfullt å bli kjend med nye folk i ein ny organisasjon og å samarbeide med dei. Det har vore utfordrande å lære kven som har "makt og mynde" i organisasjonen og systemet.
3. Eg har vore med i soknerådet sidan siste soknerådsval, altså to år til hausten.
4. Dei fleste av oss er statskyrkjemedlemmer, og eg meiner det er viktig å engasjere seg og ta del der ein kan påverke. Kyrkja er for alle, og vi kan vere med å bestemme ved å vere del av soknerådet.

Anna Marie Mitchell,
medlem av Vike sokneråd



1. Eg visste ikkje kva det gjekk ut på, men det høyrdest interessant ut. Så meiner eg òg at alle må "ta eit tak" i ei lita bygd.
2. Å arrangere uvanlege kyrkje-tilstellingar, som t.d. ballmiddagar og konsertar, som får andre enn dei faste kyrkegjengarane til å bruke kyrkja, er meningsfylt.
3. Det er andre året no, og eg stiller til val att til hausten!
4. Om ein er aktiv kristen eller ikkje, så er kyrkja viktig for dei fleste ein eller annan gong i livet, enten det er dåp, konfirmasjon, bryllaup eller gravferd. Derfor er det litt artig å vere med og bestemme korleis ting bør gjerast.

Kyrkjevalet 2011

Vår 2011: Trusopplæringsagenda i Vestnes Kommune

Av Inger Marie J. Sylte

FIKSDAL SOKN

Laurdagsklubben

Annankvar laurdag kl.12-14 (i kyrkjelydshuset) møtest barne-familiar til tombola, aktivitetar, song og andakt.

2. april, 16. april, 30. april, 14. mai

VESTNES SOKN

Babysong

Annankvar tysdag kl 11.00 på Frivilligsentralen har kantor Sissel Schjøtt song, dans og lek for babyar med foreldre.



"Det boblar av liv på babysongen i Vestnes".

Gudsteneste med søndagsskule

Familiar er spesielt velkomne til gudsteneste med søndagsskule i Vestnes kyrkje. Her kan foreldre fylgje med på gudstenesta medan borna får vere med på eige opplegg. Barna får høyre ei bibelforteljing og gjere ein aktivitet. Av og til er søndagsskulen integrert i ei familiegudsteneste. Søndagsskulen begynner kl 11.00.

17. april: Storfamiliegudsteneste

12. juni: gudsteneste med søndagsskule



Jubelgjengen, barnekor for 4-8 år

Kvar torsdag kl 17.30-18.30 møtest 4-8-åringane til

korøving. Programmet er song, barne-tv og kveldsmat.

Dette koret er for alle barn i heile kommunen. Hjarteleg velkomne!!! Det nye er ta med ein ven!!! Alle som tek med seg ein ven til øvinga, blir med i trekninga av 2 billetter til Molde Badeland.

Ungdomskor, 10-18 år

Kvar torsdag kl 18.30-19.30 er det øving i Vestnes kyrkje.

Maiken Nakken er korleiar og ynskjer alle ungdomar hjarteleg velkomne!

VIKE OG TRESFJORD SOKN

Topp Safari

Topp Safari er trusopplæringa for born i alderen 0-12 år tilhøyrande Vike og Tresfjord sokn. Alle aldersgrupper får invitasjon til ein gong i året som er tilpassa deira årstrinn. Målet er at barn skal bli kjende med si eiga kyrkje, den skapte naturen rundt oss og dei spanande bibelforteljningane vi har. Her er vårens program:


12. april, tysdag: Babysong (0-1 år) i Tresfjord kyrkjestove kl 10.30-12.30

10. mai, tysdag: Babysong (0-1 år) i Tresfjord kyrkjestove kl 10.30-12.30

20. mai, fredag: Fisketur på Vike

07. juni, tysdag: Babysong (0-1 år) i Tresfjord kyrkjestove kl 10.30-12.30

11. juni, laurdag: Pinsefest i Tresfjord kyrkje (2-3år) kl. 12-14



Søndagsskule i Tresfjord kyrkjestove

Ein søndag i månaden, kl 11.00-12.30, er born velkomne til søndagsskule. Bibelforteljing, ein aktivitet og noko å ete er det faste programmet. Hjarteleg velkomne!!

17. april, 22. mai, 19. juni

56 Tårnagentar i Vestnes kommune



"Det største tårnet av Fiksdal sine tårnagentar".

Kyrkjer i heile landet skulle gå i gang med tårnagenthelg for 8-åringane. Vi tenkte at Vestnes kommune kan ikkje vere dårlegare, - her må vi henge oss på!

I løpet av januar og februar fekk 8-åringane i heile kommunen invitasjon til ei oppleving utanom det vanlege. Tresfjord og Vike sokn gjennomførte opplegget sitt i fellesskap medan Vestnes og Fiksdal sokn arrangerte kvar for seg. Det viste seg at dette

var eit kjempekjekt tilbod som verkeleg fenga aldersgruppa. Det er jo fantasisk for oss som arbeider på kyrkjekontoret, å kunne rapportere om over 80% påmelde!!



"Tårnagentar frå Vike og Tresfjord sokn hjelper til under gudstenesta".

Alle kyrkjene fylgde det same opplegget: tårnagentane møtte opp ein laurdag ettermiddag med hovudlykt, klar for å løyse oppdrag i kyrkja si. Dei måtte alle samarbeide og ha auga opne for å klare oppgåvene som dei fekk. Tårnagentane var veldig ivrige og fann mange verdifulle skattar/symbol i kyrkja og i Bibelen.



"Tårnagentane i Vestnes sokn syng tårnagentsongen".

For mange av tårnagentane var "Oppdrag kyrkjetårn" den største opplevinga. Her fekk dei ta på kyrkjeklokka, undersøke ho med forstørrelsesglas og høyre ringjelyden frå ho. Dei fekk lære at klokkeringinga etter gudstenesta er symbolsk; 3x3 er for Gud, Jesus og Den Heilage Ande.

I tillegg til tårnagentopplegg på laurdagen var dei med og sette sitt preg på søndagsgudstenesta som følgde. Her fekk dei gjennom sin eigen tårnagentsong og med dans verkeleg vist at vi alle har ein himmel over livet. Alle som deltok på gudstenestene i kyrkjene, fekk utdelt eit oppdrag frå tårnagentane: dei skulle spreie Guds kjærleik til nokon som ikkje venta det.

Om eit år er det på'n igjen. Vi ser allereie fram til det og skal her på kyrkjekontoret planlegge alt i detalj, i all hemmelegheit.

Stor stas med Jarle Waldemar på besøk!

Barnekoret Jubelgjengen fekk i mars besøk av den landskjende Jarle Waldemar. Han er songar, barneevangelist, barnekorinstruktør og formidlar. Alle barna storkosa seg då han gjorde tryllekunst, lærte bort to av sine eigne sprudlande songar og fekk dei til å dramatisere bibelforteljinga om Sakkeus. Barna song om gleda som bobla inni dei, og om Jesus som alltid vil vere der, enten ein er lei seg eller glad.



"Jarle Waldemar hadde ei kreativ samling med barnekoret Jubelgjengen".

KRIK Vestnes på tur til Oppdal

Helga 11. - 13. mars drog ein herleg gjeng med frisk og rask ungdom til Oppdal for å bli betre kjend med kvarandre. I alt 42 ungdommar og leiarar blei med på det som skulle vise seg å bli ein kjempeflott tur!!!

Det er mykje som skjer på ein KRIK-tur, og det er om å gjere å ha god sosial "kondis". Bli kjend-leikar, konkurransar, morsame overraskingar, kors-samlingar, spel og snakking utover i dei små timar var noko av det som stod på programmet. Nokre var så heldige at dei fekk stå opp ein time tidlegare enn dei andre for å lage frukost til trøyte, men blide ansikt. På dagtid var det tid for å utforske løypene, i solskin frå skyfri himmel, med snøbrett, slalåmski eller romperacer på Oppdal skisenter. Romperacer blei veldig populært på grunn av den store farten ein fekk. Det var faktisk ikkje enkelt å styre unna dei "sak-tegåande" slalåmkøyrarane!! All mat blei laga av deltakarar og leiarar på turen, og laurdag blei det servert taco. Søndag avslutta vi med felles grilling før den lange bussturen tilbake til Vestnes.



Heile gjengen samla.

Karnevalsgudsteneste som innleiing til fastetida, - eit samarbeid med Kirkens Nødhjelp

For å markere at vi er på veg inn i dei 40 dagane med faste vart alle barn i Vestnes kommune spesielt inviterte til eit kyrkjeleg arrangement. Søndag 6. mars fekk nesten ei fullsett Vestnes kyrkje, 170 stk, oppleve ei gudsteneste utanom det vanlege: mange fargerike kostyme, kjekke rytmiske songar og ikkje minst tryllekunstnaren Ruben Gazki!! I kunngjeringane var



fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp hovudelementet. Vi viste ein kortfilm om årets tema og gjorde alle oppmerksame på konfirmantane som 12. april skal gå rundt og samle inn pengar i heile kommunen. Den profesjonelle tryllekunstnaren

heldt preika der han fletta inn forbløffande tryllekunst. Etter gudstenesta gjekk alle ned til Vestnes bedehus akkompagnert av blåsesnablar og rytmeinstrument.

Pølser, brus, muffins og godteposar gjekk ned på høgkant. Det store høgdepunktet var likevel å oppleve meir tryllekunst. Ruben slo seg laus med ringar som plutseleg hang saman for i neste augneblink å vere heilt "fri", brenning av eit



tilfeldig kort frå ein kortstokk der oska blei til same kortet igjen, tråd som kom inn gjennom munnen, men som kom ut igjennom auge og øyre, og sjonglering med både ballar, eple og til og med skarpe sablar. Både ungar og vaksne blei både imponerte og fascinerte av kva som går an å få til. Ein fullsett sal på bedehuset fekk òg her oppleve noko dei seint vil gløyme!!!

Inger Marie Jakobsen Sylte



Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011 i Vestnes



Eg vil rette ein stor takk til alle som har vore med på årets aksjon, både dei som har støtta aksjonen med pengar, sokneråda, alle frivillige og ikkje minst konfirmantane som har gått rundt med bøsse. Engasjementet og responsen har alltid vore god i Vestnes, og målet var å slå rekorden på 75000 frå i fjor. Ved å gje pengar er vi med i kampen for ei meir rettferdig verd og ei framtid utan fattigdom. Midlane som er samla inn, går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda og vil blant anna medverke til at fattige menneske i sør kan skape seg sitt eige levebrød gjennom spare- og lånegrupper.

Imponerende innsats: Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011 har konfirmantane verkeleg vist at dei vil vere med å gjere ein forskjell. Eg er imponert over den innsatsen konfirmantane har vist! Det er framleis mogleg å støtte Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011. Ring gjevartelefonen: 82044088 (200 kroner) eller bruk kontonummer 1594.22.87493.

Nina Kvernmo, distriktskontakt

Gudstenester i Vestnes

17. april Palmesøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste. Takkoffer til KRIK Vestnes. Søndagsskule

21. april Skjærtorsdag

Tomresetra kl. 12.00

Sportsandakt. Takkoffer til NKSS

Tresfjord trygdeheim kl. 11.00

Gudsteneste med nattverd

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Nattverdsgudsteneste.

Takkoffer til Diakoniarbeid i Vestnes

22. april Langfredag

Vike kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste

Takkoffer til NMS

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Gudsteneste m/ nattverd

24. april 1. påskedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste m/ nattverd

Takkoffer til misjonsprosjekt i Beghi

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste m/ nattverd

Takkoffer til Israelsmisjonen

25. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste m/ nattverd

Takkoffer til Norsk kirke i utlandet

1. mai 1. s. e. påske

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon gr. 1, Tomrefjord

Takkoffer til Kyrkjelyden sitt arbeid

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Eukumenisk gudsteneste

v/ Ingulf Diesen

Takkoffer til Misjonsforbundet

04. mai onsdag

Tresfjord kyrkje kl. 19.00

Samtalegudsteneste for Vike og Tresfjord.

Takkoffer til Krik

08. mai 2. s. e. påske

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon gr. 2, Tomrefjord

Takkoffer til Kyrkjelyden sitt arbeid

Fiksdal kyrkje kl. 19.00

Samtalegudsteneste

11. mai onsdag

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Samtalegudsteneste for Helland

15. mai 3. s. e. påske

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon.

Takkoffer til Kyrkjelyden sitt arbeid

17. mai Grunnlovsdagen

Gudsteneste i alle 4 kyrkjene

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til NKSS Laget

Vestnes kyrkje kl. 11.30

Takkoffer til Redd Barna

Tresfjord kyrkje kl. 10.30

Takkoffer til Søndagsskolen

Vike kyrkje kl. 12.00

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

22. mai 4. s. e. påske

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon.

Takkoffer til Kyrkjelyden sitt arbeid

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon.

Takkoffer til KRIK Vestnes

29. mai 5. s. e. påske

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon gr. 1, Helland

Takkoffer til Trusopplæring

02. juni Kr. himmelfartsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon gr. 2, Helland

Takkoffer til trusopplæring

05. juni 6. s. e. påske

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd

Takkoffer til Kirkens Bymisjon

12. juni 1. pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste. Nattverd

Søndagsskule. Takkoffer til MF

13. juni 2. pinsedag

Vike/ Korsstøneset kl. 12.00

Korsstønesmesse

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldssong. Takkoffer til Kyrkjelyden sitt arbeid

19. juni Treeinigssøndag

Giskekyrka kl. 11.00

Kyrkjelydstur til Giskespelet

26. juni 2. s. e. pinse

Tomresetra kl. 12.00

Skaparverkets dag

Takkoffer til KFUM/ KFUK

Vike kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med nattverd

Takkoffer til Evangeliesenteret

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

26.12	Carmen Rostkowski
26.12	Kasper Marius Vestnes
30.01	Marina Rekdal (døpt i Fiksdal)
06.02	Eirik Kjelsvik (døpt i Borgund)
06.02	Karsten Louis Lervik
20.02	Evida Høgseth
20.02	Olivia Lid Aas
20.03	Lilly Leirbekkhei Gjesund
20.03	Eleah Overå

Døde:

30.11	Ester Johanne Gjerde
19.12	Einar Trygve Takset (gravl. Syvde)
17.12	Anne Karin Heggem (gravl. Kleive)
05.01	Aslaug Eidem
09.01	Ingemar Torkell Bøen
10.01	Hilda Gunvor Devik
15.01	Albert Ove Vestnes
19.01	Sigmund Larsen
25.01	Paul Arthur Blø
03.02	Hjordis Kathrine Ødegård
06.02	Emma Øverås
08.02	Marit Flate
26.02	Lars Einar Furnes
09.03	Inger Lise Vestnes
19.03	Ingolf Reidar Bringsli
30.03	Tora Aas
30.03	Odd Salthammer

Fiksdal kyrkje

Døpte:

25.12	Thea Øvstegård Gjelsten
-------	-------------------------

Døde:

06.01	Kjellaug Rekdal
-------	-----------------

Tresfjord kyrkje

Døde:

20.01	Lilly Petra Eidhammer
-------	-----------------------

Vike kyrkje

Døde:

08.03	Bodil Karin Gjermundnes
-------	-------------------------